

Alversund 22.04.2014

Johan Litleskare  
Skarsvegen 686  
5911 Alversund

Lindås kommune  
v/Ordføreren

### **Vedkommande kommunal veg til Skarsvågen på Litleskare.**

Viser til dykkar brev datert 04.11.2013 med påstand om ulovleg plasserte lausmassar i/ved kommunal veg til Skarsvågen, og påfølgande handlingar frå kommunalt hold som førte til at eg melde forholdet til politiet som hærverk.

Politiet har henlagt saka for «...intet straffbart forhold».

Eg aksepterer ikkje påstandane i dykkar brev datert 04.11.2013, og vil grunngjeva dette med følgjande:

1. Frå midten av 1980-talet, då det kom nye eigarar til Gnr. 147, Brn. 26, har desse reist krav om utbetringar av den kommunale vegen. Lindås kommune tok saka opp med grunneigarane langs vegen, og eit orienteringsmøte om utbetring av vegen vart halde i Fosse skule fredag 08.05.87. Referat føreligg i form av NOTAT datert 12.05.87, signert Kåre Jordal (sjå vedlegg 1 om svingen på bruk nr. 8, punkt e.). Ingen aktivitet i samsvar med dei ulike punkta i dette notatet vart gjennomført av Lindås kommune.
2. 1999: Brev frå Lindås kommune til dåverande eigar av Gnr. 147, Brn. 26, Olav Kåre Vatnøy, med kopi til Johan Litleskare (sjå vedlegg nr. 2). På vedlagte kopi er vesentlege punkt merka. Sjå særleg punkt 1 og 4, som gjeld tilbakeføring til opphavleg vegbreidde i den omtala svingen. Om O.K.Vatnøy svarte på dette brevet, så veit eg det ikkje. Eg har i alle tilfelle ikkje fått nokon kopi.
3. 2003: Nye eigarar til Gnr. 147, Brn. 26, og trafikken i Skarsvegen held fram som før, og i aukande grad. Eg tok kontakt med Lindås kommune med krav om å finne ut korleis opphavleg veg hadde vore, jmf. vedlegg nr. 2. Graving på innsida av vegsvingen for å finne overgang mellom original veg og original grøft vart gjennomført den 27.10.03, og viste at vegen ikkje var originalt breiare i svingen enn elles. No gjekk det både vinter og vår utan at eg

fekk skriftleg rapport om gravearbeidet (sjå vedlegg nr. 3, brev frå meg til Lindås kommune 05.07.04 punkt 4.1 og 4.2).

4. 01.10.2004: Brev frå Lindås kommune til underteikna. Først no, etter nesten eit år, kom rapporten etter gravinga i svingen i 2003 (sjå vedlegg nr. 4). Dette brevet inneheldt ein mengde feil, men har like fullt vesentlege opplysningar. På den vedlagte kopi er fleire avsnitt nummererte med merknader i margin. Om vegbredde og utbetring, sjå punkt 1, 2 og 3.
5. Vedkommande vedlegg nr. 4, punkt 4. og 7: Desse to punkta synleggjer at «... lang tids usemje om vegen og mange for deg ubehagelege situasjonar, i sær dette siste året, kunne ha vore unngått». Det året som her er omtala, gjekk først og fremst med til å vente på rapporten frå Lindås kommune (vedlegg nr. 3). Eg vil her gjere merksam på at i mai 2004 la eg sjølv tilbake massane i henhold til opprinneleg vegbreidde, noko som det også var semje om og aksept for frå kommunen (sjå vedlegg nr. 4, punkt 1b). Slik låg massane frå mai 2004 til mai 2010, utan noko merknad frå kommunen.
6. Mai 2010: To av mine naboar hadde transportbehov med store kjøretøy til sjøen, og spurte om løyve til å fjerne massane midlertidig. Dette fekk dei sjølvsagt anledning til, mot å leggja dei tilbake. Dette prosjektet tok lengre tid enn planlagt, og då massane vart tilbakefør kom reaksjonen frå kommunen omgåande.

Det som var lovleg og akseptert i 2004, ser eg som opplagt lovleg også i 2013. Det som absolutt måtte gjerast umiddelbart i november 2013, nemleg asfaltering, er det enno ikkje sett noko til.

Konklusjon: Så snart det er mogeleg for meg etter 17.mai 2014, vil massane leggjast tilbake slik dei var frå 2004 til 2010. Vidare viser eg til vedlegg nr. 1, punkt 3. Gjerde/grind. I full tillit til at kommunen arbeidde for å gjennomføre innhaldet i dette notatet, vart grindene nemnd i dette punktet fjerna. Dei vil no setjast tilbake. Gjerdeplikt/grindhald er av sivilrettsleg art, og plasseringa er såleis vegeigaren uvedkommande, så lenge vegbreidda vert oppretthalden.

Om ordføraren har trong for grundigare informasjon, er vedkommande velkommen til å ta kontakt.



4 STR VEDLEGG:

VEDLEGG 1. (2 sider)



# LINDÅS KOMMUNE

TEKNISK SJEF  
5100 ISDALSTØ  
TLF. (05) 35 05 55

ARKIV NR.

## NOTAT

Referat frå orienteringsmøte om utbetring av vegen til Skarsvåg, Fosse skule, fredag 08.05.87 kl. 1900 - 2200.

Desse møtte: Johan J. Litleskare, Bjørn Ove Lilleskare, Svein Kvamme, Ingolf Litleskare, Bergljot og Per Stensvåg, Johan V. Litleskare for oppsitjarane/ grunneigarane langs vegen (Kristoffer Litleskare var innkalla men kunne ikkje møta).  
Kåre Jordal møtte frå Lindås kommune.

1. Orientering om saksgang. Det vart gjeve uttrykk for at saksbehandlinga har vore vanskeleg å forstå og godta, men at alle framleis var innstilt på å koma fram til ei skikkeleg løysing.
2. Plan for utbetring av kommunevegen.

Det kom fram slike merknader til planen:

- a) Stabbestein langs fylkesvegen, på nordsida av avkjørsle, vert erstatta av støptrekkjekant.
- b) Bjørn Ove Lilleskare ynskte ikkje fylling, men mur ved omlegging av ny avkjørsle.
- c) Svein Kvamme påpeika at avkjørsle til bustadhuset var farleg og kunne tenkja seg denne flytta noko mot aust. Vidare kunne han godta utviding av vegen frå omkøyninga i svingen og opp mot fylkesvegen.
- d) Møteplassen hjå Ingolf Litleskare bør kan henda trekkjast ned mot grensa til Johan V. Litleskare. Da går ein truleg klar kloakkleidningen til Odd Litleskare. Ingolf Litleskare ser nærare på dette denne helga og merkar om mogeleg avynskt plassering. Ingolf Litleskare peika vidare på at han hadde bruk for noko areal i svingen ned mot kaien og ba om at vegutvidinga mot vest, ikkje vart meir enn nødvendig. Ei mindre utviding mot aust i grensa mot Johan V. Litleskare hadde han ikkje imot.
- e) Johan V. Litleskare tilbød at kommunen kunne gå så langt inn i svingen hjå han som var nødvendig for å få god svingradius, mot at innsparing ved dette vart nytta til forbetringane som elles kom fram på møtet. Utviding av vegen ned mot grensa til Ingolf Litleskare kunne utførast då vegen her er smal.
- f) Johan J. Litleskare ba om at det vart tatt betre omsyn til jordbruksvegen som går ut i svingen mot kaien. Det bør leggjast rør under denne og fram til rør i grøfta til fiskeindustrien.

3. Grunnavståing/ gjerde.

Forslag om kr.15,- pr. m2 mark samt kr. 50,- pr l.m nødvendig gjerde mot jordbruksareal for å få bort retten/ plikta til å halda grind på kommunevegen.  
Det kom ikkje merknader til dette i møtet.

4. Generelle vilkår.

Kommunen fremja sak om 30 km/tfartsgrense på veggen. Heile veg- anlegget med rekkjekantar, fast vegdekke og 3 veglys skal vera avslutta innan 1.oktober 1987. Dette er absolutte vilkår som skal leggjast til grunn for avtalane med den enkelte grunn- eigar.

5. Kommunen etterlyser fartegrensesaka på fylkesvegen.(50 km/t).

Teknisk etat 12.05.87

  
Kåre Jørdal  
avd. leiar



TEKNISK ETAT

VEDLEGG 2.

Olav Kåre Vatnøy

5912 SEIM

Dykkar ref:

Vår ref:  
99/01843-1

Sakshandsamar:  
Kåre Jordal

Direkte tlf:  
56 35 66 32

Arkivkode:  
1408

Dato:  
13.07.99

## KOMMUNE VEG NR. 1408 VEG TIL SKARSVÅG - DIMENSJONERING AV KJØRETØY.

Teknisk etat i Lindås har fått melding frå grunneigar Johan Litleskare om at det har foregått transport med store kjøretøy til bedrifta i Skarsvåg, tidlegare Skarsvåg bruk A/S. Me var på synfaring der torsdag 8. juli og det var hjulspor langt ut over oppgrusa kjørebane. Grunneigar har bede om at vegen vert avgrensa til si opprinneleg breidde. ] 1

Etter de me har fått opplyst er du no eigar av anlegget/eigedomen gnr.147, bnr.26.

Som du er kjent med var det i 1986/87 oppe ei heil sak om utbetring av vegen i sanband med etablering av bedrift i Skarsvågen. Grunneigarane var då på bestemte vilkår innstilt på å godta utbetring av vegen med fast dekke og veglys. Dette vart det ikkje noko av og trafikken har i ettertid gått på eksisterande veg. Eigar- og ansvarstilhøve har vore skiftande i denne tida. ] 2

3 ! [ Det er heilt klart trong for å ordna opp i denne situasjonen. Dersom det no vert lagt opp til ny drift må tilhøva til vegspørsmålet avklarast.

Lindås kommune har ikkje planar om noko tiltak på vegen ut over vanleg vedlikehald.

For å hindra at store bilar tar seg ned mot Skarsvåg vil me like over ferien vurderer å innføra ei avgrensing i lengda på kjøretøy, t.d. til omkring 8 meter og elles avgrensa vegbana slik den har vore fram til bedrifta i Skarsvåg etablerte vegtilknytning. ] 4

Dersom det ligg føre planar som krev betre veg bed me om at du tar kontakt for å drøfta mogelege løysingar.

Med helsing

Kåre Jordal  
Teknisk sjef

Kopi til:

Johan Litleskare 5911 ALVERSUND

Postadresse  
5914 ISDALSTØ

Besøksadresse  
Rådhuset

Telefon  
56 35 65 00

Telefaks  
56 35 65 01

Konto  
0805 5787809  
Organisasjonsnr.  
935 084 733

LINDAS KOMMUNE RÅDMANNEN	
Arkivkode	
- 6 JULI 2004	
Ark. saksnr. 99/1843	Løpenr.
Saksh. KJO	Grad.

LINDAS KOMMUNE  
KÅRE JORDAL  
KOMMUNALSJEF

DYKKAR BREV AV 28-06-04 DYKKAR REF 99-01843-3.  
SAK: MOTEINNKALLING, 6 Juli kl 14<sup>00</sup>,

FRÅ 1986 OG FRAM TIL I DAG HAR EG TEKE VARE PÅ  
EIN DEL DOKUMENT OM SAME SAK. EG SKAL IKKE  
LISTA OPP ALT HER, MEN NEMNER:

1. DYKKAR BREV AV 29 juni 1987 (ARKIV NR 18.5. KJ. OS)  
— " — 29.09.1987 (— " — KJ. IS)  
BEGGE VISER TIL DYKKAR NOTAT AV 12.05.87 (UTAN ARKIV)  
OM ORIENTERINGSMØTE 08.05.87.

2. DYKKAR BREV AV 13.07.99 DYKKAR REF. 99-01843-1  
TIL OLAV KÅRE VATNØY. 5912 SEIM.

3. BREV FRA ARKITEKT KÅRST WILLIE JACOBSEN AV 16.05.04  
SØKNAD OM OPPSTART AV REGULERINGSARBEID FOR  
G.NR 147 M.NR 26.

4. I SAMLINGA MI MANGLAR EIT DOKUMENT:

RAPPORTEN OM DEI FUNN SOM VART GJORDE VED  
GRAVINGA I VEGKANTEN GJENNOM SVINGEN PÅ  
KOMMUNEVEGEN OVER G.NR 148. M.NR 8. DEN 27.10.03

4.2. DENNE RAPPORTEN HAR EG PURRA PÅ 5 GONGER  
FRÅ JAN. 04 TIL MEDIO JUNI 04. VED SISTE  
PURRING FERE EG MUNNLEG OPPLYST AT  
KOMMUNEN IKKJE KOM TIL Å GJERA NOKO SOM  
HELST MED VEGSPØRSMÅLET FOR REGULERING-  
PLANEN FOR G.NR H7 B.NR 26 LAG FØRE.

PÅ DETTE GRUNNLAGET ER DET UAKTUELT FOR MEG  
Å TA DEL I NOKEN SOM HELST SLAKS "ORIENTERING"  
OM SAKA FOR RAPPORTEN NEMD: PUNKT 4.1 ER  
MEG I HENDE OG REGULERINGSTANEN NEMD:  
PUNKT 3 FØRELIGG.

FRAMTIDIGE DRØFTINGAR OM UTVIDA VEGGRUNN  
OVER G.NR H8 B.NR 8 ER EI SAK MELLOM LINDAS  
KOMMUNE OG MEG - INGEN ANDRE.

EG DREG NO PÅ FERIE, OG ER TILBAKE 27.07.04.

FOR ORDENS SKULD GJER EG MÆRKSAM PÅ AT  
OM NOKON TEK SEG TIL RETTES TÅ MIN GRUNN  
LANGS KOMMUNEVEGEN TIL SVARSVÅJEN VERT DE:  
MELDE TIL POLITIET FOR HERVERK.

LITLESKARE 05.07.04

John Lilleskare



LINDÅS KOMMUNE  
RÅDMANNEN

VEDLEGG 4  
(2 sider)

Johan Litleskare

Litleskare  
5911 ALVERSUND

Dykkar ref: Vår ref: Sakshandsamar: Direkte tlf: Arkivkode: Dato:  
99/01843-6 Kåre Jordal 56 35 66 32 1408/01 01.10.04

**KOMMUNEVEG1408 VEG TIL SKARSVÅG - SVAR VEDK. MØTEINNKALLING.**

FEILBREGNERA 05-07-04  
↓

3.° VEDHEFTA VÅRT. (A)

Viser til ditt brev dagsett 05.06.07 og tefonsamtale 7. juli og samtale på staden den 8.juli. Seier meg lei for at me ikkje har klart å få sendt ut lova rapport etter oppmåling av vegbreidde på kommunevegen til Skarsvåg. Det er semje om at vegbreidda er målt til 3,10 m i skarpaste svingen og elles på din egedom. I tillegg høyrer med til veggen slikt som stabbfot, grøft, skjering/skråning og evt. murar som høyrer til veggen, ut til grensa for vegkroppen. Kvar denne grensa går i dette tilfellet er ikkje heilt fastlagt, men kan fastleggjast ved avtale eller ved grensegangssak. Etter ditt syn ligg no utlagt stein i svingen godt utafor tidlegare mur/grense (fram til slutten av 1950-åra) på staden.

Jib

Møtet den 6. juni var innkalla for å orientera om den planlagte reguleringa i Skarsvåg som og omfattar kommunevegen, og drøfta grunnlaget for kommunen til å setja krav til utbyggjar av gnr. 147, bnr. 26 med omsyn til utbetring av kommunevegen i denne planlegginga. Planlagt utbygging er opplyst å omfatta inntil 10 fritidsbustader og utgjer ein vesentleg bruk av veggen, men har ikkje dei same krav til vegutforming som om det skulle planleggjast for industriformål.

Utbyggjar forklarte sin situasjon og gav uttrykk for følgjande ynskje om framdrift: Dei hadde som første mål å rusta opp bygningen utvendig og med nytt tak. Deretter ville dei avslutta arbeidet til dess det ligg føre godkjent plan og byggeløyve for gjennomføring. Før avsluttande arbeid på bygget vart starta opp, ville dei gjennomføra dei tiltak som kommunen påla dei i høve utbetring av kommunevegen (fast vegdekke, utbetring av sving/møteplassar m.m.).

! 2

I utgangspunktet vil det vera naturleg å setja dei same krav til denne veggen som til ein annan kommuneveg. Elles ligg det føringar frå gjennomgangen i 1987 som må leggjast til grunn for å kunna få til ei minneleg ordning.

! 13

Ut frå samtalane 7. og 8. i denne månaden og tidlegare bed me om årsaking for at kommunal saksbehandling vedrørande gnr. 147, bnr. 26 og tiltak på kommunevegen i tidleg fase har vore

?

Postadresse Kvernhusmyrane 41, 5914 Isdalstø	Besøksadresse Lindås rådhus, Knarvik	Telefon 56 35 65 00	Telefaks 56 35 65 01	Konto 7413 05 01005
				Organisasjonsnr.

REF.  
Sendedato



SJÅ MITT BREV AV 05-07-04 P. 4.1.1 OG 4.1.2,  
+ BREV FRA L.KOM TIL OK. DATUM 13-07-99

basert på at kommunevegen over din eigedom har vore breiare i svingen enn det som no er oppmålt, jfr. 1. avsnitt. At dette ikkje har vorte gjort klart ved avgrensing av vegbana har vore med å gje inntrykk av at vegtilkomsten har vore betre enn han i realiteten har vore og nok ført til at ditt syn ikkje har vorte forstått og tatt omsyn til av eigarar av gnr. 147, bnr. 26. Lang tids usemje om vegen og mange for deg ubehagelege situasjonar, i sær dette siste året, kunne med dette vore unngått.

Me vil likevel peika på at kommunen tidleg såg behov for å utvida vegen og har søkt å løysa denne saka både for ditt vedkomande åleine ved å tilby kjøp av veggrunn og samla for heile kommunevegen (i 1987 og seinare) utan at det har lukkast å få til finansiering av denne vegpakka.


I samtale 8.6 gav du klart uttrykk for at einaste løysing du kunne akseptera var at vegen vart liggjande slik han no er til dess reguleringsplanen er godkjent og finansiering av utbetra vegtilkomst var sikra. Utbetring av vegen skal vera utført før anna arbeid på gnr. 147, bnr. 26 vert sett i gang og må vera i samsvar med referatet frå grunneigarmøtet i 1987.

Det kunne likevel kanskje vore tenleg å få grunneigarane sine krav til utbetring av kommunevegen fram til politisk handsaming tidleg i denne prosessen slik at desse kunne vurderast og eventuelt setjast som krav til utbyggjar gjennom ein utbyggingsavtale. Dette kan gjerast t.d gjennom ein tidsavgrensa avtale (ut 2005?) med grunneigarane. Denne måtte vera litt romsleg når det gjeld areal (pga plan ikkje er klar), men elles innehalda dei krav som er aktuelle.

Hvis ikkje må dette få si endelege avklaring i planen og ved politisk godkjenning av utbyggingsavtale for denne.

7 → Høyrer gjerne frå deg om dette er noko å arbeida vidare med.

Med helsing

  
Kåre Jordal  
kommunalsjef

P.6 : Med dette meintest at arbeidet med vegen kunne påbegynnast, men at eg skulle ha rett til å setja meir oppatt i svingen dersom ikkje alle krav var oppfylde innan eitt år.

P.7 : Eg tok kontakt fr. telefon og gjorde klart dette var uaktuelt med mindre kommunen sjølve tok ansvaret for dei plager dei skuldar eigarar av gnr. 147 bnr 26 for.

**Utskriftsdato:** 24.04.2014 12:04:44

**Brukernavn:** JUDICIUM

## **EIENDOMSREGISTERET**

Kilde og behandlingsansvarlig: Norsk Eiendomsinformasjon as

### **HJEMMEL**

**Du har søkt på: Knr.: 1263 Gnr.: 147 Bnr.: 26 Fnr.: Snr.:**

**Registreringsenhet:**

**STATENS KARTVERK**

**Ajour pr.:22.04.2014**

**TINGLYSINGEN**

**Matrikkelenheten er utskilt**

**fra:**

**15.11.1944 2311**

**REGISTRERING AV GRUNN -**

**Bestill dokument**

1263/147/2//

**Hjemmelshavere:**

**08.12.2003 10350**

**HJEMMEL TIL GRUNN - Bestill dokument**

Kjøpesum: 1 350 000

Omsetningstype: Fritt salg

Navn: **SJØKANTEN EIENDOMSUTVIKLING AS**

ORG.NR: 985720398

Adresse: **Klikk for å hente adresse**

DET FULLE NAVN ER: SJØKANTEN

EIENDOMSUTVIKLING AS

----- UTSKRIFT SLUTT -----